

RAPPORT LNR 3367-95

**R**esipientgranskning  
i Lurefjorden

# NIVA - RAPPOR

Norsk institutt for vannforskning



NIVA

Prosjektnr.:	Undernr.:
O-95040	
Løpenr.:	Begr. distrib.:
3367	

Hovedkontor	Sørlandsavdelingen	Østlandsavdelingen	Vestlandsavdelingen	Akvaplan-NIVA A/S
Postboks 173, Kjelsås 0411 Oslo	Televeien 1 4890 Grimstad	Rute 866 2312 Ottestad	Thormøhlensgt 55 5008 Bergen	Søndre Tollbugate 3 9000 Tromsø
Telefon (47) 22 18 51 00	Telefon (47) 37 04 30 33	Telefon (47) 62 57 64 00	Telefon (47) 55 32 56 40	Telefon (47) 77 68 52 80
Telefax (47) 22 18 52 00	Telefax (47) 37 04 45 13	Telefax (47) 62 57 66 53	Telefax (47) 55 32 88 33	Telefax (47) 77 68 05 09

Rapportens tittel:  Resipientgransking i Lurefjorden.	Dato: november Trykket: NIVA 1995
Forfatter(e):  Evy Rigmor Lømsland Tone Jacobsen Jarle Molvær Eivind Oug	Faggruppe:  Miljøgifter sjøvann
	Geografisk område:  Hordaland
	Antall sider: Opplag:  60

Oppdragsgiver:  Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap I/S	Oppdragsg. ref.:  Harald Johansen
---	---

**Ekstrakt:** I samband med utslepp av sigevatn fra Kjевikdalen avfallslass er det gjort ei recipientgransking med stasjonar i Lurefjorden, Kråkeosen og Kjevika. Granskinga omfattar gransking av botnsediment, organismar i strandsona og modell-berekningar av utsleppet frå sigevassleidningen. Målsetjinga var å gje ein status for miljøforholda i 1995 og sjå på endringar sidan siste gransking i 1989. Forholda i sedimentet var spesielt därlege ved munningen av Kjevika der sigevatnet blir sloppe ut, med ei klar forverring på dei seks siste åra. Ei viss forverring kunne også sporast i Kråkeosen. Der var ingen klare teikn på forandring i Lurefjorden eller inst i Kjevika. Blåskjel frå munningen av Kjevika inneheldt akkumulerte oljehydrokarbonar. Berekingar viste at sigevatnet for det meste vil bli innlagra utan å nå til overflata. Influensområdet for sigevatn-utsleppet vil oftast ligge innanfor ein avstand på 500-1000 m frå utsleppspunktet.

4 emneord, norske

1. Avfallslass
2. Sigevatn
3. Resipientgransking
4. Marint miljø

4 emneord, engelske

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Prosjektleder

Evy Rigmor Lømsland

For administrasjonen

Torgeir Bakke

ISBN 82-577-2897-7

**O-95040**

# **Resipientgranskning i Lurefjorden**

**Bergen 13.12.95**

## **Forord**

*Rapporten er utarbeidd av NIVA på oppdrag av Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsverk (NGIR). Rapporten inneholder ei vurdering av miljøforholda av området nær utsleppspunktet for sigevatn og overflatevatn frå Kjevikdalen avfallslass.*

*Harald Johansen har vore kontaktperson hos NGIR.*

*Hos NIVA har følgjande personar vore involvert: Evy R. Lømsland har vore prosjektleiar, har samanfatta rapporten og vore ansvarleg for vurdering og rapportering av dei kjemiske analysane. Jarle Molvær har vore ansvarleg for modellberekingar av sigevatnets innlagringsdjup og fortynning og rapportering av dette. Botnfaunadelen er rapportert av Eivind Oug. Tone Jacobsen har vore ansvarleg for utføring og rapportering av fjæregranskinga. Torbjørn M. Johnsen har utført feltarbeidet med unntak av fjæregranskinga. Sortering og bearbeiding av botnfaunaprøvene er utført av Brage Rygg. Pirkko Rygg har artsbestemt polychaetene. Einar Nygaard assisterte under fjæreundersøkinga og Inger Midttun er ansvarleg for redigering av rapporten. Roger Konieczny har kome med verdfulle kommentarar og innspel til miljøgiftdelen.*

# Innholdsliste

<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>6</b>
<b>1. BAKGRUNN .....</b>	<b>8</b>
<b>2. MÅL FOR GRANSKINGA .....</b>	<b>8</b>
<b>3. FORUREININGSTILFØRSLER .....</b>	<b>8</b>
<b>4. FELTARBEID, STASJONAR OG HYDROGRAFI .....</b>	<b>9</b>
<b>5. BEREKNING AV SIGEVATNETS INNLAGRING OG FORTYNNING .....</b>	<b>12</b>
5.1. METODIKK .....	12
5.2. DATA .....	13
5.3. RESULTAT .....	14
<b>6. KJEMISKE ANALYSAR .....</b>	<b>17</b>
6.1. MATERIALE OG METODAR .....	17
6.2. RESULTAT, VURDERINGER OG KARAKTERISERING AV TILSTAND .....	17
6.2.1. Organisk karbon og nitrogen .....	17
6.2.2. Metall .....	19
6.2.2.1. Metall i sediment .....	19
6.2.2.1.1. Metallførekommstar .....	19
6.2.2.1.2. Oppsummering metall i sediment .....	22
6.2.2.2. Metall i organismar .....	23
6.2.2.3. THC .....	23
6.2.2.4. PAH-polysykliske aromatiske hydrokarbon .....	24
6.2.2.5. PCB-polyklorerte biphenyler .....	26
<b>7. BLØTBUNNSFAUNA .....</b>	<b>27</b>
7.1. METODIKK .....	27
7.1.1. Prøvetaking .....	27
7.1.2. Analysemetodar .....	27
7.1.3. Talbehandling .....	27
7.2. RESULTAT .....	28
7.2.1. Prøvetaking .....	28
7.2.2. Botnsediment .....	28
7.2.3. Botnfauna .....	30
7.3. VURDERING AV RESULTATA .....	34
<b>8. FJÆREGRANSKINGA .....</b>	<b>35</b>
8.1. KORT OM TYPEN GRANSKINGAR .....	35
8.2. STASJONSVAL .....	35
8.3. PRØVETAKING OG TALLBEHANDLING .....	35
8.4. RESULTAT .....	36
Stasjonsomtale .....	36
Artstal .....	37
Prosentvis forhold mellom raud-, brun- og grønalgar .....	37
Diversitet og dominans .....	37
8.5. VURDERINGAR .....	39

<b>9. SAMANFATTANDE OPPSUMMERING .....</b>	<b>44</b>
<b>10. LITTERATUR .....</b>	<b>46</b>
<b>APPENDIKS.....</b>	<b>47</b>
APPENDIKSTABELL 5.1 RESULTAT AV INNLAGRINSBEREKNINGANE FOR UTSLEPP. ....	48
APPENDIKSTABELL 6.1. KOPI AV SFT-VEILEDNING NR. 93:02.....	49
APPENDIKSTABELL 6.2. METALLVERDIAR I SEDIMENT FOR KVAR ENKELT PRØVE. ....	53
APPENDIKSTABELL 6.3. METALLVERDIAR I BLÅSKJEL OG SAGTANG. ....	54
APPENDIKSTABELL 7.1. LUREFJORD 1995. FULLSTENDIGE ARTSLISTER FOR BLØTBUNNFAUNA.....	55
APPENDIKSTABELL 8.1. FULLSTENDIG ARTSLISTE OVER REGISTRERTE ALGER OG FJÆREDYR I LUREFJORDEN 9.6.95.....	58

## Samandrag

Målsetjinga med granskinga var å gje ein status for miljøforholda i 1995 ut frå fastlagde stasjonar, sjá om miljøet hadde endra seg sidan den siste granskinga i 1989 og gje eit referanse materiale for framtidige granskingar. Det blei tatt prøver i Kjevik, Kråkeosen og Lurefjorden. I tillegg blei det gjort modellberekingar på utsleppet frå sigevassleidningen frå Kjevikdalen avfallslass med omsyn til innlagringsdjup, fortynning og spreiing.

Modellberekingane synte at innlagringsdjupet for sigevatnet med dei vassmengdene som oftast går i sigevassleidningen, generelt vil liggje mellom 15 og 25 meter, oftast kring 20 meter, og ikkje trenge høgare opp enn til 10-15 meters djup. Generelt tyder dette at berre kjemiske stoff som er uløyselege i og lettare enn vatn, for eksempel olje, vil kunne stige opp til overflata og påverke organismane i strandsonen. Influensområdet for utsleppet vil oftast liggje innafor ein avstand på 500-1000 m frå utsleppspunktet.

Forholda på stasjonane i fjæra inst i Kjevik må ein gå ut i frå gjenspeglar moglege effekter av forureininga av overflatevatnet frå avfallslassen. Sedimentanalysane syner låge konsentrasjonar av tungmetall i indre del av Kjevik og forholda kan betraktast som "gode" med omsyn til tungmetallbelastning. THC-verdiar over bakgrunn blei registrert på ein av dei tre stasjonane, noko som indikerer ei viss påverking av forureiningsrelaterte hydrokarbon.

Fjæregranskinga i Kjevik synte unormale artsførekommstar av algar. Forholda er verst inst i botn av Kjevik og betrar seg utover mot Kjeiktangen, men artsførekommstane synte også her ein påverknad. Relativt lite tang og overvekt av trådforma brun- og grønalgar kan tyde på rike næringsforhold, ferskvasstilførsel og svak vassrørsle.

Ytst i Kjevik, der sigevatnet vert slokke ut, synte analysane av blåskjel/sagtang frå strandsona på begge sider av munningen liten/ingen akkumulering av tungmetall. Dette er i samsvar med modellberekingane som synte at sigevatnet ikkje stig opp til overflata, noko som gjer at organismane i strandsona ikkje kan bli påverka av vassløyselege komponentar i sigevatnet. Resultata syner elles at ein eventuell påverknad frå overflateutsleppet inst i Kjevik er svært liten. Mengda totale hydrokarbon (THC) i blåskjela ligg derimot over det som kan betraktast som bakgrunnsverdiar, og PAH-analysen syner i tillegg ei opphoping av oljehydrokarbon i skjela.

Dei to sedimentstasjonane ytst i Kjevik på kvar side av utløpet av sigevassleidningen var klart påverka av utsleppet, og forholda er blitt forverra i løpet av dei siste seks åra. Spesielt var forholda dårlige på austsida kor det finst emmen lukt og boss frå fyllplassen i prøvene. Sedimentet på stasjonane bestod av sand/skjelsand med høgt til svært høgt organisk innhald. Faunaen på stasjonane var artsrik, men var tydeleg påverka av tilførslene. Tungmetallverdiane synte konsentrationsauke på opp til 3-7 gangar sett i forhold til førekommstane for seks år sidan og konsentrationsane for fleire av metalla plasserer sedimentet på austsida i tilstandsklassen "nokså dårlig". Konsentrationsane av totale hydrokarbon var desidert høgast ytst i Kjevik, respektive 6-9 gonger høgare enn i Kråkeosen. Verdiane tyder på "moderat påvirkning" med forureiningsrelaterte hydrokarbon.

Også i Kråkeosen bar faunaen preg av ei viss organisk anriking. Tungmetallanalysane i sediment synte for fleire av metalla ein auke i førekommstane. Verdiane låg generelt på eit nivå som gir sedimentet karakteristikken "mindre godt". Sedimentet frå Kråkeosen blei også analysert med omsyn til PAH og PCB. Førekommstane av PCB var relativt låg, men kvalifiserer likevel til karakteristikken "mindre god". THC-førekommstane synte at stasjonen var påverka av oljerelaterte hydrokarbon.

$\Sigma$ PAH låg på eit nivå som ut frå SFT sine kriterie gir sedimentet i Kråkeosen karakteristikken "mindre godt", og verdiane for dei enkelte stoffa syner at komponentar som er karakteristisk for ufullstendig forbrenning av fossilt brensel utgjer 85 %. Førekomensten av benzo(a)pyren som er eit modellstoff for dei kreftframkallande komponentane, var på eit nivå som ligg på grensa mellom tilstandsklassene "mindre god/nokså dårlig".

Stasjonen i Lurefjorden blei ved siste gransking berre sett på med omsyn til botnfauna og organisk materiale. For desse parameterane synte granskinga ingen endring av forholda, men det organiske innhaldet i sedimentet er høgt. Analysane av tungmetall syner førekomstar som stort sett gir sedimentet tilstandsklasse "mindre god", mens førekomensten av bly var høgare og ligg innafor området til tilstandsklasse "nokså dårlig". Sett i høve til ei relativt lita sigevassmengde, fortynning og avstand til munningen av sigevassleidningen er det vanskeleg å kunne relatere førekomstane på denne stasjonen til sigevassutsleppet frå avfallsplassen direkte.

Undersøkinga viser ein klart uønska trend som bør følgjast opp med ei ny undersøking om 3-4 år med eit utvida stasjonsnett. Dette bør gjørast for betre å få kartlagt influensområdet. Stasjonane nær munningen av avlaupsleidningen bør analyserast med hensyn på PAH og PCB.

## **1. Bakgrunn**

Bakgrunn for granskinga var ein førespurnad frå Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap I/S (NGIR) om ei resipientgransking i indre del av Lurefjorden, Kråkeosen og Kjevik for kontroll av miljøforholda i nærområdet til sigevassutsleppet frå Kjevikdalen avfallslass. Avfallsplassen har eksistert sidan årsskiftet 1982/1983. Granskinga blei gjennomført etter eit pålegg frå Miljøvernavdelinga ved Fylkesmannen i Hordaland.

Resipientgranskinga omfattar kjemiske analysar av sedimentet og registrering av bløtbunnsfaunaen. I tillegg er det gjort ei fjæregransking for å vurdere eventuelle effektar av sigevatn og overflatevatn frå Kjevikdalen avfallslass på gruntvassområde. Granskingar av fastsitjande planter og dyr i fjæra gir som regel eit godt grunnlag for å gjere greie for tilstanden i overflatevatnet, ettersom dei må vere tilpassa forholda på staden. Det er vidare gjort modellberekingar av sigevatnets innlagringsdjup og fortynning.

Val av parametrar er gjort i henhold til krav frå Miljøvernavdelinga.

Resipienten blei sist sista granska i 1989 (Johannessen et al. 1990)

## **2. Mål for granskinga**

- Granskinga skal :
- 1) Gi status for miljøforholda i 1995.
  - 2) Sjå om miljøet har endra seg sidan dei siste granskingane.
  - 3) Gi eit referanse materiale for framtidige granskingar.

## **3. Forureiningstilførsler**

Sigevatn frå Kjevikdalen avfallslass blir tilført recipienten på to ulike måtar. Vatn frå botnen av fyllinga går gjennom eit betongrør (200 mm MUVA-mufferør) ned til ein sigevassdam med kum nedafor fyllinga. Kummen ligg i skråninga inst i Kjevik, og sigevatnet blir herfrå leidd gjennom ein ca. 450 m lang utsleppsleidning (280 mm PEH-rør) ut gjennom Kjevik til Kjeiktangen og sleppt ut på 30 meters djup (jfr. kart fig 3.1). I tillegg blir overflatevatn frå fyllinga ført ned til Kjevik og sloppe ut i ein bekk der. Det førekjem såleis to slags utslepp, eit overflateutslepp inst i Kjevik og eit utslepp på 30 meters djup ved munningen av Kjevik.

Avløpsmengda varierer med nedbøren. Månadsgjennomsnitt for avløpsleidningen ligg hovudsakleg under 10 l/s (data frå NGIR). Enkeltregisteringar syner at vassmengda berre sporadisk overstig 50 l/s og da berre i korte periodar (timar).

Mengda overflatevatn som vert sleppt ut, ligg noko høgare, men månadsgjennomsnittet ligg under 20 l/s. Enkeltregisteringar syner at verdiar på 360 l/s kan finst heilt sporadisk innafor eit særskilt tidsintervall.

Dei kjemiske analysane (data frå NGIR) syner overkonsentrasjonar av både næringssalt og tungmetall, noko som er vanleg i avløpsvatn frå avfallsplassar. Ut frå dei tilgjengelege data er verdiane med få unntak betydeleg høgare i avløpsvatnet i sigevassleidningen enn i overflatevatnet i bekken. Dataene syner at særleg tungmetallkonsentrasjonane varierer sterkt med store forskjellar mellom maksimums- og minimumsverdiane.


## 4. Feltarbeid, stasjonar og hydrografi

Hovudinnsamlinga blei gjort 29-30.03.95 ved bruk av M/S "Solvik" med Leon Pedersen som skipper. Driftssjef Harald Johansen frå NGIR var med under feltarbeidet. Fjæregranskingsa måtte på grunn av algane sin sesongmessige førekost utstå til sommarsesongen og blei gjennomført 09.06.95.


Stasjonane er dei same som i den tidlegare granskingsa i Lurefjorden (Johannessen et al. 1990). Fig. 3.1 syner ei oversikt over stasjonane.

Metodikk er omtalt under dei ulike hovudkapitla.

Det blei kjørt ein vertikalprofil 29.03.95 med ein sjølvregisterande sonde som registererer salinitet og temperatur som funksjon av djup på st. KJE1 (Kråkeosen). Resultata er synt i fig. 4.1 og syner eit noko ferskvasspåvirka vatn i dei øvste 10 metrane med salinitet i overflata rundt 30 %. Under sprangsjiktet var vatnet relativt homogen.



**Figur 3.1.** Kart over området (frå Johannessen et al. 1990). Stasjonane KJE1, KJE2, KJE4, KJE6, KJE10, KJE11, KJE12 blei prøvetatt både i 1989 og i denne granskingsa. Stasjonane F1, F2, F3, F4 er vårt stasjonsnett for fjæregranskingsa.




**Figur 4.1.** Hydrografiske forhold på KJE1 under feltarbeidet 29.03.95.

## 5. Berekning av sigevatnets innlagring og fortynning.

### 5.1. Metodikk

Sigevatn har i praksis same eigenvekt som ferskvatn, og er dermed lettare enn sjøvatn. Ved utslepp på djupt vatn i ein fjord vil derfor sigevatnet straks stige opp mot overflata mens det blandar seg med det omkringliggjande sjøvatnet. Dermed aukar både volum og eigenvekt av denne "blandingsvassmassen" mens den raskt rører seg oppover i vassøyla. Dersom fjordvatnet er lagdelt, dvs. det er lettare vatn over tyngre vatn, vil sigevatnet oftast ikkje nå opp til overflata. Grunnen er at eigenvekta til blandingsvassmassen (sigevatn + sjøvatn) etterkvart blir lik eigenvekta til det omgjevande sjøvatnet. Då stoppar den vertikale oppstiginga og skyta av fortynna sigevatn spreier seg horisontalt utover, mens den fortynnast vidare. Vi seier at sigevatnet vert **innlagra**. Dette er illustrert i fig. 5.1.



Figur 5.1. Illustrasjon av korleis sigevatn vert innlagra i ei lagdelt vannmasse.

Fastsetjing av innlagring og primærfortynning er utført med eit EDB-program, JETMIX utarbeidd av Bjerkeng og Lesjø (1973). Programmet reknar fortynning og innlagringsdjup for ein enkel stråle sigevatn i ein sjikta resipient, på basis av hydrografiske profilar i recipienten og data om strålen i utløpet. Programmet gir det nivået der sigevatnets eigenvekt er den same som omgjevnaden si eigenvekt. Sigevatnets vertikale rørsle-energi medfører at det stig noko forbi dette "likevektsdjupet", før det sig tilbake og vert innlagra.

Dataprogrammet fastset den teoretisk høgaste opptrenging på to måtar:

- ved fortsatt fortynning etter at likevektsdjupet er "passert" (EQS).
- utan blanding eller friksjon etter at likevektsdjupet er "passert" (GRAV).

Det første metoden (EQS) gir truleg mest sannsynleg resultat.

## 5.2. Data

Tabell 5.1 oppsummerer dei data som utsleppet er vurdert ut frå.

**Tabell 5.1.** Utsleppsdata.

Vassmengde (l/s)	4, 13, 50
Rørdiameter (mm)	200 <sup>1</sup> , 280
Utsleppsdjup (m)	30

<sup>1</sup> Denne diameteren blei brukt for 4 l/s, fordi ein da får inntringing av sjøvatn i leidningen, og såleis ikkje brukar hele leidningens tverrsnittsareal.

Lengda på leidningen er 450 m.

Vi har til rådvelde målte vertikalprofilar av temperatur og salinitet frå i alt 12 tidspunkt. Datoane er synt i tabell 5.2.

**Tabell 5.2.** Profil nr. og tilhøyrande dato

Profil nr.	Dato	Profil nr.	Dato
1	29.6 1989	7	24.1 1990
2	26.9 1989	8	28.2 1990
3	19.10 1989	9	13.4 1990
4	6.11 1989	10	24.5 1990
5	16.11 1989	11	20.7 1990
6	13.12 1989	12	6.4 1995

Dataene inneholder altså 11 profilar fordelt nokolunde jamt over ca. 1 år (1989 - 1990), samt ein profil frå våren 1995. For profil nr 1-3 og 5 er det gjort målingar i forholdsvis få djup (0 m, 5 m djup og deretter med 15-40 meters djupneintervall). Berekningane med desse profillane vil ha større uvisse enn for dei andre profillane, som har data for kvart 2-5 meters intervall.


## 5.3. Resultat

### Innlagring og fortynning

Fig. 5.2 syner resultata av berekningane av innlagringsdjup og primærfortynning for utslepp av 13 l/s ved bruk av JETMIX-programmet. Det er utført berekningar for alle tolv vertikalprofilane. Alle resultata - også for 4 l/s og 50 l/s er synt i appendikstabell 5.1, som også inneholder berekningar av ekstremdjupa (EQS og GRAV). Tabell 5.3 samanfattar resultata for dei tre vassmengdene.

Ein bør vere merksam på at gjennomsnittleg fortynning i innlagringsdjupet truleg er 1.5-1.7 x fortynninga midt i skya (Fig. 5.2, tabell 5.3 og appendikstabell 5.1) syner fortynninga i sentrum av skya).

Fortynninga aukar med avtakande innlagringsdjup fordi avstanden mellom utsleppsdjupet og innlagringsdjup (strekninga kor sigevatn og sjøvatn blandast) då aukar.



**Figur 5.2.** Innlagringsdjup og primærfortynning ved utslepp av 13 l/s i 30 m djup.

**Tabell 5.3.** Samanfatning av berekningane av innlagringsdjup og primærfortynning.  
Fortynninga er gitt som minimum, maksimum og gjennomsnitt (i parentes).

Vassmengde l/s	Gjennomsnittleg innlagringsdjup	Høgaste oppotrenging	Primærfortynning
4	20 m	14 m	63-163 (125)
13	17 m	8 m	44-122 (82)
50	13 m	2 m	26-82 (52)

#### Verknad på vasskvaliteten etter primærfortynning av sigevatnet

Vurdering av konsentrasjonane av forureina stoff etter primærfortynninga er hefta med uvisse fordi alle forhold varierer sterkt med tida (sigevassmengde frå ca. 1-65 l/s, konsentrasjonar i sige-vatnet, fortynning, konsentrasjonar i fortynningsvatnet m.m.). Likevel vil det vere nyttig med berekningar for å syne dei konsentrasjonane ein kan vente.

For å vurdere konsentrasjonane i innlagringsdjupet, etter primærfortynninga men før avløpsvatnet spreiaст og fortynnast vidare, har vi brukt målte konsentrasjonar i sigevatnet i 1993-94 (data frå NGIR I/S), venta konsentrasjonar i sjøvatnet mellom 10 m og 25 m djup og lågaste, gjennomsnittlege primærfortynning (75x) ved "normal" avrenning (senterfortynning  $44 \times 1.7 = 75$ , jfr. tabell 5.3). For sigevatnet har vi brukt høgaste og minste konsentrasjon. Resultatet av berekningane er synt i tabell 5.4.

Det finst ikkje vasskvalitetskriterium for bedømming av nitrogen- og fosforkonsentrasjonar i mellomliggende vasslag i ein fjord. Generelt vil konsentrasjonane der vere høgare enn i overflatelaget. Særleg gjeld det sommarhalvåret. Men for å illustrere storleiken, har vi i tabell 5.4 likevel jamført konsentrasjonane med vasskvalitetsklassene for overflatevatn i vinterhalvåret (jfr. Appendixtabell 5.1).

**Tabell. 5.4** Berekna gjennomsnittleg konsentrasjon i skya ved utslepp av 13 l/s og låg primærfortynning (75x) og Høg og Låg målt konsentrasjon i sigevatnet. I parentes står tilhøyrande vasskvalitetskasse for overflatevatn vinterstid (Rygg & Thelin 1993).

Parameter	Sigevatn	Sjøvatn	Høg	Låg
Total nitrogen (mgN/l)	95-46	0.25	1.5 (V)	0.85 (IV)
Ammonium (mgN/l)	81-38	0.03	1.1 (V)	0.5 (V)
Total fosfor (mgP/l)	0.45-0.13	0.02	0.025 (III)	0.021 (II)
Kjemisk oksygenforbruk (mgO/l)	115-162			
Kvikksølv (µg/l, berre 1 prøve)	3.2	0.002	0.044(V)	

Ved ei slik samanlikning finn vi altså at høg konsentrasjon for total nitrogen og ammonium i tabell 5.4 (altså umiddelbart etter primærfortynninga) svarer til klasse V ("Meget dårlig"). Total fosfor fell i klasse III ("Nokså dårlig") og kvikksølv i klasse V ("Meget dårlig"). Med andre ord: ein

betydeleg lokal påverknad i innlagringsdjupet. Det må bemerkast at den kvikksølvkonsentrasjonen som er brukt i berekingane, er svært høg. Ettersom der er få analyser tilgjengeleg på kvikksølv, er det vanskeleg å sei kor representativ den er. Sannsynlegvis er verdien ikkje representativ, men det bør vurderast å gjere ein analyseserie over tid på kvikksølvforekomstane i sigevatnet for å kontrollera dette.

Låg konsentrasjon i sigevatnet og same fortynning gir lågare klasser for total nitrogen og totalfosfor, men ikkje for ammonium.

Dersom ein legg høg fortynning og høg konsentrasjon til grunn for berekingane ( $122 \times 1.7 \approx 200x$ ), fell total nitrogen, ammonium og total fosfor i klasse IV, V og I.

Sjølv om vi her har samanlikna med SFTs kriterium for overflatekonsentrasjonar vinterstid, illustrerer resultata at konsentrasjonane i eit begrensa område (noen tals meter) etter primærfortynninga er så høge at vasskvaliteten i innlagringsdjupet er "Dårlig - Meget dårlig".

#### Verknad på vasskvaliteten i fjernsona

For å sjå på den vidare fortynninga med tilhøyrande konsentrasjonar har vi brukt dataprogrammet PLUMES som det amerikanske miljøverndirektoratet (EPA) tilrar (Baumgartner et al., 1994). Programmet bereknar primærfortynning og vidare fortynning og konsentrasjonar basert på konsentrasjonar i sigevatn og sjøvatn, samt strømfart og turbulent blanding. Golmen (1991) fant at strømfart i 18 m var varierande, men i gjennomsnitt lav (ca. 3 cm/s). Iblast kunne likevel strømfarten nå 20 cm/s. Vi legg 5 cm/s til grunn for våre berekingar. Av mangel på konkrete data om storleiken av den turbulente blandinga (diffusjon) i området, bruker vi  $0.0003 \text{ cm}^{2/\beta}/\text{s}$  som er noko mindre enn EPAs anbefalte koeffisient for kystfarvatn ( $0.000453 \text{ cm}^{2/\beta}/\text{s}$ ).

Berekningar er gjort for høge konsentrasjonar av total nitrogen, total fosfor og kvikksølv (jfr. tabell 5.4), og ut til 1000 m avstand frå utsleppet. Tabell 5.5 oppsummerer resultata for situasjonen for hydrografi 20.7.90, og gir minimal fortynning, og dermed maksimal konsentrasjon. Tabellen gjengir konsentrasjonen i skyas sentrum, dvs. den maksimale konsentrasjonen i skya. Gjennomsnittleg konsentrasjon for skya får ein ved å dele max. konsentrasjon med ca. 1.7 (talet vil auke i skyas lengderetning). Tabellen syner altså resultatet ved ein kombinasjon av ugunstige faktorar (høg konsentrasjon i sigevatnet, sterkt sjiktning og svak strøm og dermed minimal fortynning), dvs. eit "verste-tilfelle".

**Tabell 5.5.** Vasskvalitetsklasse (Rygg & Thelin 1993) i sentrum av skyen ved varierande avstand frå utsleppspunktet. For spesifisering av klassene, sjå Appendix 5.1. Skyas vertikale breidde er 5-7 m og ligg på ca. 20 m djup.

Stoff	"Meget dårlig"	"Dårlig"	"Nokså dårlig"	"Mindre god"	"God"
Total nitrogen	<10 m	10-200 m	300-500 m	500-1000 m	>1000 m
Total fosfor		<5 m	5-50 m	50-300 m	>300 m
Kvikksølv	<50 m	50-150 m	150-650 m	650- >1000 m	

Verknaden på oksygenkonsentrasjonen i innlagringsdjupet kan bedømmast som følgjer. Utslepp av 1 l sigevatn medfører eit kjemisk oksygenforbruk av opptil 162 mgO/l (tabell 5.4). I gjennomsnitt fortynnast dette vatnet minst 75 gangar før det innlagrast. Ei rimeleg vurdering av resipientvatnets oksygeninnhold er 6 mgO/l. Det tyder at utslepp av 1 l sigevatn gjennom (primær-)fortynning med sjøvatn vert blanda inn i ein vannmasse som inneholder ca. 6 mgO/l \* 75 = 450 mgO. I dette høvet er det berre rekna med effekten av primærfortynning, og sjølv denne er forutsatt låg. Dette syner at ein ikkje treng å frykte oksygenproblem av særleg rolle i sky av innlagra sigevatn.

## 6. Kjemiske analysar

### 6.1. Materiale og metodar

Det blei tatt prøver for kjemiske analysar 29-30.03.95 på stasjonane KJE1, KJE2, KJE4, KJE6, KJE10, KJE11 og KJE12.

Kjemiske analysar av tungmetall og organisk innhold i sediment samt tungmetall i organismar blei utført av NIVA. Unntaket er analyse av tinn som blei utført av Norsk Analyse Center AS. Analysane av PAH, PCB og THC blei utført ved Senter for marint miljø ved Havforskningsinstituttet.

På stasjonane KJE1, KJE2, KJE4 og KJE6 blei det tatt prøver til analyse av totalt organisk karbon og nitrogen. Prøven for den enkelte stasjon er gjennomgåande eit gjennomsnitt av 3-4 grabbhugg. Prøvene representerer dei øvre 2 cm av sedimentet.

Det blei tatt 3 parallelle prøver for metallanalyse på alle stasjonane, slik at variasjonane på kvar stasjon skulle framkomme.

Prøver for THC analyse blei også tatt på alle stasjonar.

Prøver til analyse av PCB og PAH i sediment blei tatt på stasjon KJE1.

### 6.2. Resultat, vurderingar og karakterisering av tilstand.

#### 6.2.1. Organisk karbon og nitrogen

**Tabell. 6.1.** Oversikt over organisk innhold i sedimentet. Verdiane for % glødetap frå 1989 (Johannessen et al. 1990) er angitt i parentes.

Stasjon	Totalt tørrstoff g/kg	Total gløderest g/kg ts	Glødetap %	Totalt org. nitrogen µg N/mg ts	Totalt org. karbon µgC/mg ts	C/N
<b>KJE1</b>	285	801	19,9 (18,1)	6,3	49,3	7,8
<b>KJE2</b>	264	841	15,9 (7,5)	4,5	45,9	10,2
<b>KJE4</b>	191	695	30,5 (9,2)	7,4	104,0	14,1
<b>KJE6</b>	189	707	29,3 (29,6)	10,5	77,4	7,6

Analyseresultata viser at det har skjedd ei klar forverring med omsyn til prosentdel organisk materiale i botnsedimentet på dei to stasjonane ved munningen av sigevassleidningen ytterst i Kjевika (KJE2 og KJE4). Glødetapet angir mengde organisk materiale i sedimentet. Den tredobla auken frå 9 % organisk materiale i 1989 til 30 % i 1995 som er tilfellet for KJE4, må sjåast på som ei vesentleg forverring (tab. 6.1). Mengde organisk materiale på KJE2 er fordobla dei siste seks åra. Det var omrent like verdiar i 1989 og 1995 i Kråkeosen (KJE1) og Lurefjorden (KJE6).

Dersom ein ser på forholdet mellom karbon (C) og nitrogen (N), er dette klart høgast på KJE2 og KJE4. I sediment kor det organiske materialet i hovudsak har marint opphav, ligg C/N-forholdet på vektbasis i området 6-10, mens det i sediment som blir tilført betydeleg mengde organisk materiale frå land, vil ligge over 10. Det er såleis tydeleg at både KJE2 og spesielt KJE4 vert påverka av tilførsler frå land.

Dersom ein ut frå glødetapsverdiane prøver å klassifisere sedimentet i 1989 samanlikna med dagens verdi, så låg stasjon KJE2 i 1989 på grensa mellom "lav" og "middels belastning" (Bjerknes et al. 1988), mens verdiane nå ligg på grensa mellom "middels" og "høg belastning". KJE4 hadde i 1989 "middels organisk belastning", medan den organiske belastninga nå må sjåast på som "svært høy" på denne stasjonen. Det har såleis skjedd ei klar forverring i løpet av dei siste åra.

Den organiske belastninga på KJE1 og KJE6 må ut frå tilsvarende kriterium klassifiserast som "høy" og "svært høy", med litra eller ingen forandring i løpet av dei siste seks åra. Det kan såleis sjå ut som om botnsedimentet i alle fall i indre del av Lurefjorden har eit naturleg høgt innhald av organisk materiale. C/N-verdiane på KJE1 og KJE6, som er normale for marine sediment, støtter også opp under dette.

Sett ut frå SFT sitt klassifisingssystem med omsyn på karbon- og nitrogeninnhald (Appendikstabell 6.1) kommer tilstanden på KJE6 i kategorien "dårlig"/"meget dårlig" alt etter kva for ein av dei to parametrane det vert sett på. Tilsvarende vurderingar plasserer KJE1 i kategorien "nokså dårlig"/"dårlig", KJE2 vert kategorisert som "mindre god"/"nokså dårlig" og KJE4 får tilstandsnemninga "dårlig".

I 1989 blei det organiske innhaldet i sedimentet målt ved glødetapsanalyse. Generelt er glødetap ei enklare, og nok noe mindre presis metode enn TOC for å bestemme organisk materiale. Grovt sett kan det reknast om frå det eine til det andre ved bruk av enkle konverteringsfaktorar. Ved granskingar i Masfjorden, Fensfjorden og Lurefjorden har Universitetet i Bergen funne forholdstal mellom glødetap (%) og TOC (%) varierande omkring 4 (3.6 - 4.8) (Buhl-Mortensen & Høisæter 1993). Ved bruk av 4 som konverteringsfaktor, 0.4 for verdiar i mg/g, vil TOC-verdiane i denne granskinga tilsvara i glødetap: KJE1 - 19.7 %, KJE2 - 18.4 %, KJE4 - 41.6 % og KJE6 - 31.0 %. Desse berekna verdiane samsvarer tilfredsstillande med dei målte og stadfestar auken i organisk materiale på KJE2 og KJE4.

Det er eit vanleg fenomen i mange fjordar at der naturleg kan vere eit høgt innhald av organisk materiale, og nivået er avhengig av sedimenttypen (jfr. kap.7). Det er derfor viktig å ha kunnskap om kva som er naturl tilstanden. På grunn av store naturlege variasjonar er det i eit klassifisingssystem vanskeleg å fastslå grunnverdiar som har allmen gyldigheit.

Ettersom målsetjinga for denne granskinga er å sjå på eventuelle effektar av sigevatn på resipienten, er det viktig å skilje mellom naturleg påverknad og påverknad frå avfallsplassen. Dei høge verdiane for glødetap, organisk karbon og nitrogen på KJE6 og til dels også KJE1, kan såleis ha si årsak i

naturgitte forhold eller eventuelt andre kjelder. Dei dårlege forholda på stasjon KJE2 og særleg KJE4 må likevel klart setjast i samanheng med tilførsler via sigevatnet frå avfallsplassen.

## 6.2.2. Metall

Verdiane for dei enkelte sedimentprøvene (3 parallellear) er synt i appendikstabell 6.2. SFT sine kriteriestadfestingar er gitt i appendikstabell 6.1. Verdiane frå 1989 er henta frå Johannessen et al (1990).

Det var NIVA som gjorde metallanalysane også i 1989. I løpet av denne perioden er metoden for metallanalysar (unntatt for kvikksølv) endra frå salpetersyreoppslutning til flüssyreoppslutning. Parallelleanalysear med begge metodane har synt at dette har lita innverknad på resultata for kopar, kadmium og sink, medan verdiane for bly og krom blir høgare. Den gamle metoden underestimerte såleis enkelte metall. Med omsyn til krom vil dette kunne utgjere ein auke på 3-5 gangar.

### 6.2.2.1. Metall i sediment

#### 6.2.2.1.1. Metalførekommstar

Gjennomsnittsverdiar for dei ulike metallene er synt i tab. 6.2, og gjennomsnittsverdiane frå granskinga i 1989 (Johannessen et al. 1990) er gitt i tab. 6.3.

##### Kvikksølv

Resultata for kvikksølv (Hg) viser ei halvering av gjennomsnittskonsentrasjonen i Kråkeosen (KJE1), mens der har skjedd ein auke ved munningen av avløpsrøret, både på KJE2 og spesielt på KJE4, der konsentrasjonen er tredobla.

På dei tre stasjonane inst i Kjøvika ligg kvikksølvverdiane stort sett i området for deteksjons- grensa og er såleis svært låge. Forholda på KJE1, KJE2 og KJE6 må karakteriserast som "mindre gode", mens KJE4 får med ein kvikksølvførekommst på 0,81 mg Hg/kg, karakteristikken "nokså dårlig".

##### Kadmium

Førekommstane av kadmium (Cd) var låge på dei tre stasjonane inst i botnen av Kjøvika (KJE10,11,12) der verdiane låg innafor det som vert vurdert som eit naturleg bakgrunnsnivå. På alle dei fire andre stasjonane hadde kadmiuminnhaldet auka sidan siste gransking. Høgast var verdiane på KJE4 som ligg ytst i Kjøvika mot nordaust like ved munningen av sigevassleidningen, der gjennomsnittsverdien låg på 1,1 mg Cd/kg, som er ein femdobling sidan 1989. Verdien plasserer KJE4 i nedre del av tilstandsklasse III "nokså dårlig" sett ut frå SFT sine kriterium.

KJE1 (Kråkeosen), KJE2 (vest for munningen av sigevassleidningen) og KJE6 (Lurefjorden) fell alle inn under tilstandsklasse II - "mindre god". Av desse tre var det KJE6 som hadde høgast verdi med ein gjennomsnittsverdi på 0,73 mg Cd/kg, mens verdiane på stasjonane KJE1 og KJE2 låg i forhold til dette på omrent det halve, noko som er ei fordobling av konsentrasjonen sidan siste gransking. KJE6 blei ikkje undersøkt for metall i 1989.

##### Bly

Dei registrerte førekommstane av bly (Pb) viste seg sett i forhold til resultata frå 1989 å vere tilnærma uendra på KJE1 og KJE4, mens KJE2 viste ei forbeting. På grunn av betre analyseprosedyre vil verdiane frå 1989 kunne vere noe underestimert i forhold til dagens analysemetode. Det var

stasjonen i Lurefjorden (KJE6) som hadde dei høgaste verdiane med eit gjennomsnitt på 221 mg Pb/kg. Denne stasjonen blei ikkje undersøkt for tungmetall i 1989, og det kan såleis ikkje seiast noe om utviklinga.

Dei høge blyverdiane plasserer sedimentet i Lurefjorden (KJE6) i tilstandsklasse III "nokså dårlig". Også verdiane i Kråkeosen (KJE1) er høge og ligg med 116 mg Pb/kg i øvre del av klasse II "mindre god". Også forholda på KJE2 og KJE4 må ut frå blyførekomstane karakteriserast som "mindre gode", mens forholda inst i Kjevika kan klassifiserast som "gode".

### Kopar

Dei mālte verdiane av kopar (Cu) viser at stasjonen KJE4, ytst i Kjevika, skil seg klart ut med ein gjennomsnittsverdi på 157 g Cu/kg, som ut frå SFT sine kriterie må karakteriserast som "nokså dårlige forhold". Verdiane på KJE2 og KJE6 ligg på omrent det halve, mens koparinnhaldet i Kråkeosen (KJE1) med 40 mg Cu/kg var enda lågare. Koparverdiane på alle tre stasjonane ligg likevel innanfor tilstandsklasse II "mindre god". På dei tre stasjonane inst inne i Kjevika (KJE10, 11, 12) var koparinnhaldet i sedimentet tilfredsstillande lavt.

Det blei ikkje analysert på kopar i granskninga i 1989.

### Sink

Det er stasjonen i Lurefjorden (KJE6) som har dei høgaste verdiane av sink (Zn) med eit gjennomsnitt på 379 mg/kg. Nesten like høgt sinkinnhald blei registrert i sedimentet ytst i Kjevika på stasjon KJE4, mens verdiane på KJE2 låg på omrent det halve. På stasjonane inst i Kjevika (KJE10, 11, 12) var forholda tilfredsstillande med verdiar som klassifiserer sedimentet i tilstandsklasse I - "god". Stasjonane i Kråkeosen (KJE1) og ytst i Kjevika (KJE2) ligg begge nær grensa mellom tilstandsklasse I og II, mens sinkverdiane frå Lurefjorden (KJE6) og ved sivevassutløpet (KJE4) ligg klart innanfor tilstandsklasse II - "mindre god".

### Krom

Når det gjeld førekomstane av krom (Cr), ligg desse innanfor tilstandsklasse I - "god" på alle stasjonane som blei undersøkt i 1989. Verdiene på KJE1 ligg nær grensa til tilstandsklasse II - "mindre god". Stasjonen i Lurefjorden (KJE6), som ikkje blei undersøkt i 1989, er den einaste som kan karakteriserast som "mindre god" ut frå gjeldande kriterium for førekomstar av krom. Som tidlegare nemnt, gir forbetra metode høgare verdiar for krom enn metoden som blei benytta i 1989, som underestimerte kromførekomstane.

### Tinn

Det blei med eit unntak ikkje registrert førekomstar av tinn (Sn) høgare enn 30 mg Sn/kg, som er deteksjonsgrensa. Unntaket var ein av parallelprøvene frå KJE4 der det blei målt 40,1 mg Sn/kg.

### Jern

Verdiane for jern ligg alle under 4 % som må sjåast på som eit bakgrunnsnivå for sediment (Knutzen og Skei 1990)

**Tabell 6.2.** Oversikt over gjennomsnittsverdiar av dei ulike metalla i sedimentet. Verdiar for dei enkelte prøvene finnes i appendikstab. 6.2.

Parameter/stasjon	KJE1	KJE2	KJE4	KJE6	KJE10	KJE11	KJE12
<b>Totalt tørrstoff %</b>	34,9	41,7	20,0	20,8	76,0	62,4	71,9
<b>Kvikksølv-Hg mg/kg tørrstoff</b>	0,17	0,48	0,81	0,39	0,01	0,01	0,06
<b>Kadmium-Cd mg/kg tørrstoff</b>	0,35	0,42	1,1	0,73	0,06	0,16	0,06
<b>Bly-Pb mg/kg tørrstoff</b>	116	35,8	76,7	221	18,4	16,8	26,5
<b>Kopar-Cu mg/kg tørrstoff</b>	40	70	157	72	18	16	22
<b>Sink-Zn mg/kg tørrstoff</b>	147	161	348	379	69	72	96
<b>Krom-Cr-total mg/kg tørrstoff</b>	67	28	53	78	36	39	41
<b>Tinn-Sn mg/kg tørrstoff</b>	<30	<30	<30	<30	<30	<30	<30
<b>Jern Fe %</b>	2,50	1,39	3,39	3,57	3,43	2,94	3,32

**Tabell. 6.3.** Gjennomsnittsverdiar for metallførekommstar i sediment i 1989 (Johannessen et al. 1990).

Parameter/stasjon	KJE1	KJE2	KJE4	KJE10	KJE11	KJE12
<b>Kvikksølv-Hg mg/kg tørrstoff</b>	0,39	0,30	0,27	0,11	0,05	0,02
<b>Kadmium-Cd mg/kg tørrstoff</b>	0,16	0,22	0,23	0,23	0,17	0,06
<b>Bly-Pb mg/kg tørrstoff</b>	135	60,3	75,7	8,26	4,81	4,80
<b>Sink-Zn mg/kg tørrstoff</b>	139	106	113	55,1	36,6	46,0
<b>Krom-Cr mg/kg tørrstoff</b>	29	12	14	9,8	8,4	9,5
<b>Jern-Fe %</b>	1,63	0,66	0,44	1,16	0,95	1,24

### 6.2.2.1.2. Oppsummering metall i sediment

Metallinnhaldet i sedimentet viser gjennomgåande ein aukande tendens på alle stasjonane sett i forhold til granskinga i 1989. Størst er auken på stasjon KJE4 ved munningen av sigevassleidningen ytst i Kjевika. Verdiane er 3-7 ganger høgare enn for seks år sidan, og auken varierer frå metall til metall. Unntaket her er blyinnhaldet som er uforandra på denne stasjonen. KJE4 skil seg klart ut som den stasjonen som har dei desidert dårlegaste forholda og må klassifiserast i tilstandsklasse III- "nokså dårlig" både med omsyn på førekommstane av kvikksølv, kadmium og kopar.

Forholda på dei andre stasjonane kan gjennomgåande karakteriserast som "mindre gode", med unntak av dei tre stasjonane inst i Kjевika (KJE10,11,12) der tungmetallkonsentrasjonane ikkje overskridar bakgrunnsverdiane, og forholda i sedimentet må derfor seiast å vere "gode". Årsaka til at forholda inst i Kjevika er mykje betre enn ved utløpet av sigevassleidningen kan vere at metalla søkk ned i fyllingen og i stor grad førast ut med sigevatnet, mens overflatevatnet som kjem ut inst Kjevika, har eit lågare metallinnhald. Analyseresultata av sigevatn og overflatevatn viser at konsentrasjonane generelt er klart lågare i overflatevatnet (data frå NGIR). Forutan konsentrasjonane, spelar også vassmengda ei avgjerande rolle for totalutsleppet av tungmetall. Sjølv om vassmengda i bekken generelt er noe høgare enn vassmengda i sigevassleidningen, så er den likevel relativt beskjeden.

Sedimentstasjonen i Lurefjorden (KJE6) skil seg ut med relativt høge konsentrasjonar av bly, og konsentrasjonane av dette metallet kvalifiserer for tilstandsklasse III- "nokså dårlig". Denne stasjonen hadde også dei høgaste førekommstane av krom.

Modellkjøring av eit "verste-tilfelle" med utgangspunkt i dei høgast registrerte verdiane av bly og kvikksølv i sigevatnet viser at konsentrasjonane for begge metalla i sentrum av den "skya" sigevatnet dannar, vil ligge på grensa mellom tilstandsklasse I og II - "god"/"mindre god" i ein avstand på 5-6 km frå utsleppspunktet. Dette svarer til avstanden frå utsleppspunktet til KJE6. Likevel er metallkonsentrasjonane i sigevatnet vanlegvis lågare enn utgangspunkta for desse "verste-tilfella", så det synes vanskeleg å kunne relatere metallførekommstane på KJE6 til sigevassutsleppet frå avfallsplassen. Ein annan faktor som taler imot eit slikt opphav, er den fallande gradienten frå Lurefjorden til Kråkeosen.

Det eksisterer ein del data på innhaldet i sigevatnet (data frå NGIR), og sjølv om analysane for fleire metall sitt vedkommande gjennomgåande er utført med for låg deteksjonsgrense, viser analysane som er gjort av sigevatnet at det vert tilført miljøet overkonsentrasjonar av både kadmium, kopar, krom, jern, kvikksølv, bly og sink, noe som er helt normalt for bossfyllingar. Konsentrasjonane av særleg bly og kvikksølv kan periodevis vere svært høge i sigevatnet, men vassmengda i sigevassleidningen er relativt liten, noe som tyder på at det er ei relativt lita vassmengde som skal fortynnast i fjorden.

Det må såleis vere nærliggjande å tru at overkonsentrasjonane av metall i sedimentet på dei stasjonane som ligg nærest utløpet av sigevassleidningen, skriv seg frå bossfyllinga. Ettersom det ikkje blei gjort tungmetallanalysar på KJE6 for seks år sidan, er det ikkje muleg å sjå på utviklinga på denne stasjonen sett i forhold til dei andre. Det er likevel vanskeleg å kunne relatere desse førekommstane til sigevassutsleppet frå avfallsplassen. Ein del av det høge metallinnholdet kan nok forklarast ved det høge innholdet av organisk stoff i sedimentet, men det bør også undersøkast om det eksisterer eller har eksistert andre kjelder for tungmetallforureining i nærområdet.

### **6.2.2.2. Metall i organismar.**

Det blei analysert for metall i blåskjel frå strandsonen sørvest for KJE2 og søraust for KJE4. Ettersom blåskjela aktivt kan regulere innhaldet av enkelte metall, blei det i tillegg analysert på sink og kopar i sagtang frå det samme området.

Metallverdiane i blåskjel/sagtang (Appendikstabell 6.3) frå strandsonene på begge sider av utløpet frå sigevassleidningen låg innanfor det som kan sjåast på som bakgrunnsverdiane, og kommer såleis inn under tilstandsklasse I "god". Verdiane i blåskjela skil seg såleis klart frå verdiane som blei målt i sedimentet på djupare vatn. Det var heller ingen vesentlege forskjellar på verdiane i organismane på dei to stasjonane, men alle verdiane var høgast i organismar frå strandsonen ved KJE4.

Årsaka til det låge metallinnhaldet i organismar er relativt klar dersom ein ser på berekningane av innlagringsdjup for sigevatnet (jfr. kap. 5.3). Modellberekingane viser at innlagringsdjupet for sigevatnet med dei vassmengdene som går i sigevassleidningen, generelt vil ligge mellom 15 og 25 meter, oftast omkring 20 meter, og ikkje trenge høgare opp enn til 10-15 meters djup. Unntaksvis vil vannmengder på rundt 50 l/s kunne førekome, der innlagringsdjupet ut frå berekningane vil vere 13 m og høgaste opptrenging før det sig ned igjen vil vere 2 meters djup. Desse episodane vil vere sporadiske og kortvarige. Generelt tyder dette at berre stoff som er uløyselege i og lettare enn vatn, vil kunne stige opp til overflata og påverke organismane i strandsonen.

Dette tyder at det ikkje vil vere effektar av vassløyselege komponentar i sigevatnet på organismar som lever i strandsonen. Den einaste kjelda vil da vere overflateutsleppet inst i Kjевika ca. 500 m unna. Resultata av tungmetallanalysane viser likevel at ei eventuell påverking frå overflateutsleppet inst i Kjevika er svært liten.

Dei einaste stoffa som vil stige opp til overflata frå sigevassleidningen, er stoff som er uoppløyselege i vatn og lettare enn vatn, for eksempel olje. Det er da også klare tekñ på oljekontaminering av blåskjela.

### **6.2.3. THC**

Det blei analysert for total hydrokarbon (THC) både i sediment og blåskjel. Resultata (tab. 6.4) viser at dei to sedimentstasjonane like ved avløpsrøret har dei desidert høgaste verdiane. Bakgrunnsverdiane for THC i sediment reknast å ligge under 10 µg/g tørrvekt (Kaarstad og Telfer 1991). Det var såleis berre stasjon KJE10 og KJE11 som hadde verdiane på bakgrunnsnivå. KJE1, KJE6 og KJE12 hadde alle tre verdiane som kvalifiserer for karakteristikken "svakt påvirket" (10-100 µg THC/g tørrvekt, Kaarstad og Telfer op. cit.), mens verdiane på KJE2 og KJE4, som ligg like ved utløpet frå sigevassleidningen, tyder på ein "moderat påvirkning" (100-1000 µg THC/g tørrvekt, Kaarstad & Telfer op. cit.) av hydrokarbon.

THC-verdiane i blåskjel frå strandsonen sørvest for stasjon KJE2 og frå strandsonen nordaust for stasjonen KJE4 viser 2-3 gonger forhøya nivå i forhold til det ein må rekne som bakgrunnsnivå for blåskjel i kystområde som ligg på 5-10 µg/g våtvekt (Jarle Klungsøy pers. medd.).

**Tabell 6.4.** Oversikt over THC-verdiar i sediment og organismar.

Sediment (µg/g tørrvekt)							Blåskjel (µg/g våtvekt)	
KJE1	KJE2	KJE4	KJE6	KJE10	KJE11	KJE12	KJE2	KJE4
19	117	169	37	5	9	18	20	19

#### 6.2.4. PAH-polysyklike aromatiske hydrokarbon

Meininga med å analysere blåskjel for PAH var i hovudsak å avdekkje meir spesifikt om ei eventuell akkumulering av forureiningsrelaterte hydrokarbon skuldast olje eller komponentar som er karakteristiske for ufullstendig forbrenning av fossilt brensel (olje, koks, kull). Ved analyse av THC i organismar er det ikkje sikkert at alt som vert registrert er forureiningsrelaterte oljehydrokarbon, ettersom naturleg deriverte hydrokarbon vil kunne forstyrre bildet (Jarle Klungsøy pers. medd.).

I tillegg var det eit krav frå fylkesmannen at sedimentet frå KJE1 skulle analyserast for PAH-innhald.

PAH har på samme måte som metall eit naturleg bakgrunnsnivå (Knutzen 1989). Årsaka til bakgrunnsnivået for PAH er ei følgje av naturlege fenomen som for eksempel skogbrann, vulkanutbrott og sig frå oljeførekomstar. Ved sidan av råolje er den primære kjelda for PAH alle former for forbrenning av organisk materiale.

Analysane av blåskjela (tab. 6.5) viser at  $\Sigma$ PAH/NPD med verdiar på 75 µg/kg våtvekt (KJE2) og 68 µg/kg våtvekt (KJE4) er innanfor det som ut frå SFT sine klassifiseringsstandarder reknast å vere god tilstand (<100 µg/kg). Nyare forsking viser likevel at "høgt diffust bakgrunnsnivå" av  $\Sigma$ PAH neppe bør liggje over 50 µg/kg våtvekt, men intervallet for bakgrunnsnivået kan strekkje seg ned mot 10 µg/kg våtvekt (Varanasi et al. 1990, Holte et al 1992, Knutzen & Green 1995). Sum av egentlige PAH (med unntak av naftalener og andre oljerelaterte hydrokarboner) låg i begge prøvene under 25 µg/kg våtvekt og er dermed under halvparten av det som er foreslått som "høgt diffust bakgrunnsnivå" (Knutzen & Green 1995).

Dersom ein går inn på dei ulike komponentane, ser ein at 69-74 % er karakteristiske komponentar i olje, mens berre 5-8 % av komponentane høyrer til gruppa av sanitsynlege eller mulege kreftframkallande stoff (carcinogener) KPAH (IARC 1987). For eksempel blei det ikkje registrert Benzo(a)pyren som spesielt inngår i SFT sitt klassifiseringssystem som eit "modellstoff". Benzo(a)pyren er ein av fleire potensielt kreftframkallande PAH-stoff.

Analyseresultata viser at det i blåskjela frå begge stasjonane blei påvist akkumulering av lette oljerelaterte hydrokarbon (NPD). Ut frå verdiane for dei ulike PAH-komponentane kan det derfor verte fastslått at det er oljespill som er hovudkjelda for førekomensten av dei forureiningsrelaterte hydrokarbona. Høgast prosentdel var det i blåskjela frå stasjon KJE4, som ligg mot nordaust ved munningen av sigevassleidningen frå bossfyllinga.

Eit anna bilde viser seg i sedimentet frå stasjon KJE1, som ligg i Kråkeosen eit lite stykke utanfor munningen av Kjevikka. Her er det dei kreftframkallande komponentane som dominerer og utgjer 46 % av PAH-komponentane, mens 15 % er oljekomponentar (NPD). Ut frå SFT sine kriterium for summen av PAH (Appendikstabell 6.1), må forholdet i sedimentet på st. KJE1 klassifiserast som

"mindre godt". Ser ein vidare på førekomensten av Benzo(a)pyren som fungerer som eit modellstoff for dei kreftframkallande komponentane, ligg den med ein verdi på 50 µg/kg på grensa mellom tilstandsklasse II og III "mindre god/nokså dårlig".

Ettersom THC-verdiane i sedimentet er desidert høgast på dei to stasjonane ved munningen av avløpsrøret (KJE2, KJE4) synes det å vere relativt klart at sigevatnet inneholder både komponentar av oljerelaterte hydrokarbon og forbrenningesrelaterte stoff (tjære). Dei lette stoffa stig opp i sjøen og kan akkumulerast i blåskjel, mens dei tynge komponentane, som er karakteristisk for ufullstendig forbrenning av fossilt brensel, sig til botn og utgjer i botnsedimentet totalt 85 % av  $\Sigma$ PAH.

**Tabell. 6.5.** PAH-i blåskjel angitt i µg/kg våtvekt og sediment angitt µg/g tørrvekt. \* angir karakteristiske komponentar i olje (NPD), \*\* angir potensielt kreftframkallande stoff ( kPAH).

Stasjon	KJE2 blåskjel µg/kg våtvekt	KJE4 blåskjel µg/kg våtvekt	KJE1 sediment µg/kg tørrvekt
Naphthalene *	6	7	17
C1-naphthalenes *	2	2	13
C2-naphthalenes *	9	7	22
C3-naphthalenes *	3	3	12
Fluorene			5
Phenanthrene *	2	2	49
Anthracene			10
Dibenzothiophene *			4
C1-phenanthrene *	4	4	32
C1-dibenzothiophenes *		1	3
Fluoranthene	2	2	121
Pyrene	2	2	94
C2-phenanthrenes *	11	11	31
C2-dibenzothiophenes *	4	5	7
C3-dibenzothiophenes *	11	8	6
Benz(a)anthracene **	1	1	103
Chrysene	6	5	66
Benz(b+j+k)fluoranthenes **	5	4	340
Benz(e)pyrene	3	3	125
Benz(a)pyrene **			50
Perylene			30
Indeno(1,2,3-cd)pyrene **	2		117
Benzo(ghi)perylene	2	1	87
Dibenz(a,c+a,h)anthracenes **			9
$\Sigma$ PAH	75	68	1353
$\Sigma$ kPAH	8	5	619
%kPAH	11	7	46
% Benz(a)pyrene	0	0	4
$\Sigma$ NPD	52	50	196
%NPD	69	74	15
% di-/heterosyklike stoff	27	28	5

### **6.2.5. PCB-polyklorerte biphenyler.**

Analyse av PCB i sedimentet blei berre utført på stasjon KJE1.

Denne gruppa stoff hadde tidlegare vid bruk som isolerande, flammebestandig olje i transformatorar, kondensatorar og kablar. PCB blei vidare brukt som tilsetjing i hydraulisk olje og maling og som mjuknar i plast. Etter at skadeverknadene av PCB blei påvist, blei det innført strenge restriksjonar på bruk. Førekomstar av PCB skuldast i det heile menneskeleg aktivitet og skal i prinsippet ikkje førekomme i miljøet, men dessverre har nå slike stoff fått ei global spreiing og ein opererer med eit "antatt høgt bakgrunnsnivå". Dette er ei skjønnsmessig øvre grense for normalførekomstar. For total PCB er denne grensa sett til <5 µg/kg tørrvekt.

Total PCB reknast som summen av dei sju enkeltforbindelsene (kongenene) PCB #28, #52, #101, #118, #153, #138, #180 multiplisert med to. Total-PCB i sedimentet på stasjon KJE1 viser ein verdi på 5 µg/kg (tab.6.6), og tilstanden i sedimentet på stasjon KJE1 kan derfor ut frå SFT sine PCB-kriterium karakteriserast som "mindre god". Sjølv om verdiane ligg helt i nedre grense for denne tilstandsklassen er det likevel klart at i sedimentet er det PCB-nivå over bakgrunnsnivå. Dette vert indikert blant anna ved funn av alle kongenene som det blei analysert på (Konieczny pers medd.).

**Tabell 6.6.**      Oversikt over PCB-innhaldet i sedimentet på KJE1.

KJE1	µg/kg tørrvekt
PCB#31	0,047
PCB#28	0,054
PCB#52	0,204
PCB#101	0,253
PCB#149	0,511
PCB#118	0,228
PCB#153	0,481
PCB#105	0,084
PCB#138	0,85
PCB#128	0,123
PCB#156	0,059
PCB#180	0,426
PCB#170	0,196
Sum	3,516
$\Sigma 7 \text{PCB} \times 2$	5

## 7. Bløtbunnsfauna

### 7.1. Metodikk

#### 7.1.1. Prøvetaking

Det blei tatt bløtbunnspørver på fire stasjonar KJE1, KJE2, KJE4 og KJE6 (Figur 4.1). Alle stasjonane blei prøvetatt og opparbeida ved granskinga i 1989 (Johannessen et al. 1990).

Prøvene blei tatt med ein 0.1 m<sup>2</sup> 'van Veen' type botngrabb. På stasjonane KJE1 og KJE4 blei det tatt fire parallelle grabbhugg, mens det på KJE2 blei tatt tre prøver og på KJE6 ei prøve. Under prøvetaking blei det gjort ei visuell vurdering av botnsediment og det blei kontrollert for innhald av hydrogensulfid (H<sub>2</sub>S).

Frå eitt grabbhugg på kvar stasjon blei det tatt ei lita delprøve av overflatesedimentet til analyse av organisk materiale (glødetap, TOC, TN).

Prøvetaking blei utført 29-30. mars 1995.

#### 7.1.2. Analysemetodar

Faunaprøvene blei sikta på 5 og 1 mm sikter og restmaterialet konservert i 4 % nøytralisert formaldehydløsning. Dei parallele grabbprøvene blei slått saman til ei samleprøve frå kvar stasjon. Ved opparbeiding i laboratoriet blei dyra sortert frå siktematerialet, identifisert og telt.

Prøvene frå KJE2 og KJE4 inneholdt mykje skjelsand og organisk detritus. Ved opparbeiding av desse blei det lettaste materialet, dvs. organisk detritus og små lette organismar, skylt ut frå skjelsanden og tilverka separat. Denne fraksjonen inneholdt mesteparten av arter og individ. Delprøver (1/8) frå begge fraksjonar blei opparbeidd kvantitativt, mens restmaterialet blei delvis gjennomsøkt for utplukk og teljing av mindre vanlege arter.

Det organiske materialet i sedimentet blei bestemt som totalt organisk karbon (TOC) og totalt nitrogen (TN). Analysane blei foretatt i ein elementanalysator etter at uorganiske karbonat i prøvene var fjerna med saltsyre.

#### 7.1.3. Talbehandling

For kvar av stasjonane er det gitt totalt mengde arter, individtal og individtettleik. Samansetjinga av faunaen er karakterisert ved mål for artsmangfold (= diversitet) og log-normal kurver.

Artsmangfold reknast ut ved ein indeks eller funksjon. Det er brukt to mål for å uttrykkje artsmangfold:

*Shannon-Wiener indeks (H')*. Indeksen har eit verdiområde som varierer frå null til ca. 5. Talverdien aukar ved aukande tal arter og når individua er jamt fordelt mellom artene. Låge verdiar markerer dårlige forhold, mens verdiområdet 3-5 indikerer normale til gode forhold. I SFTs veiledning for

klassifisering av miljøkvalitet er 'god tilstand' representert ved verdiar  $> 3.1$  (Rygg & Thelin 1993). Minimumsverdi på indeksen er null.

*Hurlbert's funksjon.* Dette er eit grafisk mål for artsmangfald kor talet på arter blir plotta mot talet på individ. Grovt sett vil lavt artsmangfald (få arter) visast ved flate liggjande kurver, mens høgt artsmangfald gir kurver som stig bratt i diagrammet. Rygg (1984) har utarbeida eit standarddiagram for inndeling av kurvene i klasser basert på granskingsar i ei rekke norske fjordar. Tolking basert på denne funksjonen kan derfor setjast i ein større samanheng. I denne granskingsa er endepunkta for kurvene (ikkje sjølv kurvene) plotta i dette diagrammet.

Frå Hurlberts funksjon er det også berekna ein indeks,  $E(S_{100})$ , som gir forventa mengd arter ved 100 individ. I SFTs veiledning er 'god tilstand' representert ved indeksverdi (mengd arter)  $> 18.5$  (Rygg & Thelin 1993).

Log-normal kurvene gir ei grafisk framstilling av individfordelinga mellom artene. Artene vert gruppert i klasser (geometriske klasser) på basis av individtal etter følgjande system: 1 individ (klasse I), 2-3 individ (kl. II), 4-7 ind. (kl. III), 8-15 ind. (kl. IV), 16-31 ind. (kl. V), osb. Kurva kjem fram ved å plotta talet på arter i kvar klasse (som y-akse) mot klassene (x-akse) i rekjkjefølgje. I prøver frå upåverka organismesamfunn, kor det er mange individfattige arter, vil man forvente ei kurve som startar høgt på y-aksen og faller jamt mot x-aksen. I forureina områder, kor mange arter blir borte og nokon kan dominere sterkt, flatast kurva ut og strekkjast mot høgare klasser eller den får ekstra toppar. Avvik frå ei jamn form kan derfor tolkast som påverknad frå forureining. Log-normal kurvene gir best tryggleik for store prøver, i denne granskingsa er kurvene derfor berre plotta for KJE1 og KJE4 kor det blei tatt fire parallele grabbhugg.

## 7.2. Resultat

### 7.2.1. Prøvetaking

Samanfattande data for prøvetaking er gitt i Tabell 7.1. På KJE1 og KJE6 var det normalt fjordsediment bestående av gråbrun silt og leir. På KJE2 og KJE4 i Kjekka var det sand og skjelsand med ein del synleg organisk materiale på overflata eller like under. Dette materialet var dels tilført frå land og dels restar av marine fastsittjande algar (tang, tare, tynnbladete algar). På KJE4 var det ei emmen, därleg lukt av sediment og også noko boss i prøvene. Det var ikkje lukt av hydrogensulfid på noen av stasjonane.

Etter siktinga i felt utgjorde siktematerialet frå KJE2 og KJE4 11 og 18 liter. Det var derfor nødvendig å behandle desse prøvene spesielt med skyljing, fraksjonering og uttak av delprøver under den vidare bearbeidingsa. Etter fraksjoneringa var volumet av organisk detritus i prøvene ca. 2 liter.

### 7.2.2. Botnsediment

Organisk materiale i botnsedimenta er vist i Tabellane 7.1 og 7.2. I tabellane er det også vist sedimentanalysar for dei same stasjonane i 1989.

Innhaldet av organisk karbon var normalt på stasjon KJE1, mens det må seiast å vere høgt på KJE2 og KJE4 og noe høgt på KJE6. I finkorna fjordsediment er det vanleg å observere 10 - 50 mg/g organisk karbon (= 1-5 %), mens verdiane i sand- og skjelsandhaldig botn er lågare, ofte under 1 %. Verdiane var derfor høge både for KJE2 og KJE4 sett i høve til at desse var prega av sand og

grovare fragment. Verdien for KJE4 var spesielt høg, og denne stasjonen hadde også høgt forholdstal (C/N-forhold) mellom organisk karbon og nitrogen. Dette forholdstalet indikerer noe om materialet sin art. I sediment kor det organiske materialet i hovudsak har marint opphav (f. eks. daudt plankton) vil forholdstalet vere 6-10, mens det i sediment som vert tilført store mengder materiale frå land, vil overstige 10. Både TOC og C/N-verdiane indikerer derfor at KJE2 og KJE4 er påverka av organiske tilførsler frå land. Dette kjem fram også frå glødetapsmålingane (tab. 7.2)

**Tabell 7.1.** Prøvetaking i Lurefjorden i 1995: Stasjonar, djup, antal prøver, fyllingsgrad i grabben og visuell utgreiing av botnsediment.

Stasjon	Djup (m)	Mengd prøver	Fyllingsgrad	Sedimentutgreiing
KJE1	160	4	1/1	Finkornet siltig gråbrunt sediment. Ei prøve noe meir leirhaldig.
KJE2	34	3	1/1	Sand/skjelsand med knuste skjel. Litt fint organisk materiale på botnoverflata. Restar av tang, tare og tynnblada algar.
KJE4	40	4	1/1-1/2	Sand med finkorna sediment øvst. Litt 'seigt' brunsvart sediment under øvre sandlag. Varierande sandinnhald i parallelprøvene. Restar av tang, tare og tynnblada algar. Litt plast og anna boss. Emmen lukt.
KJE6	420	1	1/1	Gråbrun fin silt og leire. Små skjelrestar og rør av børstemark.

**Tabell 7.2.** Data for botnsedimenta i Lurefjorden 1995. Resultat frå granskninga i 1989 (Johannessen et al. 1990) er vist for samanlikning.

Stasjon	1995				1989				% gløde-tap
	% gløde-tap	TOC mg/g	TN mg/g	C/N-forhold	% silt og leir (< 0.063 mm)	% sand (0.063-2 mm)	% grus (> 2 mm)		
KJE1	19,9	49,3	6,3	7,8	93	7	-	18,1	
KJE2	15,9	45,9	4,5	10,2	23	59	18	7,5	
KJE4	30,5	104,0	7,4	14,1	36	51	13	9,2	
KJE6	29,3	77,4	10,5	7,4	99	1	-	29,6	

Ved granskingane i 1989 blei det foretatt kornfordelingsanalyse av sedimenta. Desse analysane viser at både KJE1 og KJE6 hadde svært finkorna sediment (silt og leir), mens stasjonane i Kjevik var

prega av sand og noe grus. Det er godt samsvar mellom desse analyseresultata og det som blei observert i denne granskninga (Tabell 7.2).

### 7.2.3. Botnfauna

Tabell 7.3 gir ei oversikt over artstal, individtal og berekna verdiar for artsmangfald for stasjonane. Verdiane for granskninga i 1989 er tatt med for samanlikning. Tabell 7.4 viser tettleik for dei viktigaste artene i prøvene. Fullstendige artslistar er gitt i appendikstabell 7.1.

**Tabell 7.3.** Prøveareal, antal arter, individtal og individtettleik på stasjonane.

Diversitetsindeksar:  $H'$  = Shannon-Wiener indeks ( $\log_2$ ),  $E(S_{100})$  = Hurlberts funksjon. Resultat frå granskninga i 1989 (Johannessen et al. 1990) er vist for samanlikning.


Stasjon	Dyp m	Areal	Arter	Ind.	Ind/m <sup>2</sup>	$H'$	$E_{(S100)}$
1995							
KJE1	160	0,4	52	381	953	4,74	32,3
KJE2	34	0,3	38	1914	6380	3,38	17,2
KJE4	40	0,4	57	5414	13535	3,39	19,0
KJE6	420	0,1	21	192	1920	3,25	17,0
1989							
KJE1	160	1,0	54	1190	1190	4,19	-
KJE2	34	1,0	69	1882	1882	3,12	-
KJE4	40	1,0	86	2211	2211	3,80	-
KJE6	420	1,0	32	897	897	3,15	-

Det var normale artstal i alle prøvene. Individtala var normale på KJE1 og KJE6, høge på KJE2 og svært høge på KJE4. Artsmangfaldet var høgt på KJE1, mens det var normalt til moderat på dei tre andre stasjonane. Vurdert etter SFT sine kriterie for klassifisering av miljøkvalitet fell KJE1 i tilstandsklasse I 'god', mens KJE2, KJE4 og KJE6 fell på grensa mellom klasse I og klasse II 'mindre god' (Rygg & Thelin 1993).



Samanlikna med prøvetaking i 1989 var det svært like resultat for KJE1. Også KJE6 viste ganske like verdiar sett i høve til at eit vesentleg større areal blei prøvetatt i 1989. På KJE2 og KJE4 blei det funne færre arter og markert høgare individtettleik enn i 1989. Artsmangfaldet berekna ved Shannon-Wiener indeksen ( $H'$ ) var likevel ganske likt for begge åra. Forandringane ser ut til å komme tydelegare fram i diagrammet basert på Hurlberts funksjon (Figur 7.1), kor KJE1 og KJE6 vert plotta i samme sektor (har likt artsmangfald) for begge åra, mens KJE2 og KJE4 flytter seg frå 'normalt' artsmangfald til 'moderat' artsmangfald. Dette illustrerer at det i 1995 blei funne vesentleg færre arter sett i forhold til individmengda enn i 1989, eller sagt på ei anna måte - at dei viktigaste artene var meir dominerande.

**Tabell 7.4.** Individtettleik (ind/m<sup>2</sup>) for dei vanlegaste artene på stasjonane i Lurefjorden 1995.  
Alle arter med individtal > 40 i prøvene (tilsvarende 100 ind/m<sup>2</sup>), samt dei  
vanlegaste artene på KJE1 og KJE6, er tatt med.

	KJE1	KJE2	KJE4	KJE6
<b>POLYCHAETA (mangebørstemark)</b>				
<i>Paramphинome jeffreysii</i> (McIntosh 1868)	30	27	43	20
<i>Kefersteinia cirrata</i> (Keferstein 1862)	3	30	143	-
<i>Ophiodromus flexuosus</i> (Delle Chiaje 1822)	3	57	105	-
<i>Exogone</i> sp	15	190	208	-
<i>Typosyllis cornuta</i> (Rathke 1843)	-	1500	1405	-
<i>Ceratocephale loveni</i> Malmgren 1867	10	-	-	120
<i>Paraonis lyra</i> (Southern 1914)	83	90	330	-
<i>Prionospio malmgreni</i> Claparedé 1868	-	-	100	-
<i>Spiochaetopterus typicus</i> M.Sars 1856	18	-	-	310
<i>Caulieriella</i> sp	15	113	813	-
<i>Chaetozone setosa</i> Malmgren 1867	15	90	653	-
<i>Cirratulus cirratus</i> (O.F.Mueller 1776)	-	210	125	-
<i>Cirriformia tentaculata</i>	-	157	30	-
<i>Dodecaceria concharum</i> Oersted 1843	-	1283	1050	-
<i>Tharyx</i> sp	100	920	900	570
<i>Capitella capitata</i> (Fabricius 1780)	-	-	5470	-
<i>Heteromastus filiformis</i> (Claparedé 1864)	115	-	-	200
<i>Mediomastus fragilis</i> Rasmussen 1973	-	153	135	-
<i>Polycirrus norvegicus</i> (Wollebaek 1912)	-	237	250	-
<i>Terebellides stroemi</i> M.Sars 1835	3	-	-	80
<i>Chone</i> sp	-	37	118	-
<b>BIVALVIA (muslinger)</b>				
<i>Nucula cf. tumidula</i> (Malm)	28	-	-	-
<i>Yoldiella fraterna</i> Verrill & Bush	35	-	-	-
<i>Yoldiella lucida</i> (Loven 1846)	28	-	-	-
<i>Thyasira equalis</i> (Verrill & Bush)	53	-	-	290
<i>Thyasira sarsi</i> (Philippi 1845)	-	967	800	-
<i>Thyasira</i> sp	33	-	-	20
<b>CRUSTACEA (krepsdyr)</b>				
<i>Cypridina norvegica</i> Baird	88	-	-	30
<i>Eriopisa elongata</i> Bruzelius	48	-	-	-



**Figur 7.1.** Artsmangfald for botnfaunaprøvene - forholdet mellom mengde arter og individ plotta i eit generelt klassifiseringssystem basert på Hurlberts funksjon. Dei enkelte sektorane i diagrammet representerer forventa mengde arter ved gitte mengde individ i prøvene. Diagrammet er etter Rygg (1984) og byggjer på ei rekke granskinger i norske fjordar. Fylte symbol - denne granskninga, opne symbol - data fra 1989 (Johannessen et al. 1990).



**Figur 7.2.** Log-normal kurver for KJE1 og KJE4. Resultat frå granskninga i 1989 (Johannessen et al. 1990) er vist for samanlikning. Kurvene representerer  $0,4 \text{ m}^2$  (1995) og  $1,0 \text{ m}^2$  (1989).

Figur 7.2 viser log-normal kurver for KJE1 og KJE4. Kurvene for prøvetakinga i 1989 er vist for samanlikning. Kurven for KJE1 fell jamt mot x-aksen, men har eit par små toppar. Dette er eit nærmest forløp. Samanlikna med 1989 er kurven kortare og brattare, men dette kan ha samanheng med at prøvene i 1989 representerer eit større areal ( $1 \text{ m}^2$ ). Både 1989 og 1995 er det ein topp lengst til høgre på kurven. Kurven frå KJE4 viser eit tydeleg påverka samfunn. Kurven startar lavt på y-aksen, strekkjer seg langt ut (til klasse XII) og har fleire toppar. Samanlikna med 1989 tyder kurven på eit meir påverka organismesamfunn.

Tabell 7.4 viser dei viktigaste artene på stasjonane. Dei dominante artene på KJE1 og KJE6 er alle vanleg forekommande i djupe fjordar. På KJE1 var små børstemarkar (*Paraonis*, *Tharyx*, *Heteromastus*) noe meir framtredande enn i 1989 og utgjer dei høgste geometriske klassene i log-normal kurven. Dette kan vere signal om ei tidleg organisk anriking. På KJE6 var samansetjinga av arter i 1989 og 1995 svært lik.

På KJE2 og KJE4 var det høgt innslag av arter som ofte finst ved organisk anriking. Spesielt KJE4, som var dominert av børstemarken *Capitella capitata*, ber preg av dette. I hovudtrekka var dei samme artene vanlege i 1989, men det var fleire arter som blei funne i høge tettleikar i 1995. I 1989 var *Capitella* dominante på begge stasjonar, mens den i denne granskingsa ikkje blei funne på KJE2.

### 7.3. Vurdering av resultata

Granskingsane viser at det var normalt gode forhold i djupområda av Lurefjorden. Kjekka var påverka av organiske tilførsler.

*Stasjon KJE1* i Kråkeosen hadde normalt sediment og normal artsrik fauna med høgt arts mangfald. Det var gode forhold på lokaliteten. Generelt var det ingen spesielle endringar sidan 1989, men eit noe meir markert innslag av små børstemark i 1995 kan vere eit muleg signal om ei svak organisk anriking.

*Stasjon KJE2* i Kjekka var påverka av utsleppa. Faunaen var likevel artsrik og hadde ikkje vesentleg nedsett arts mangfald. Samanlikna med 1989 var det høgare organisk innhald i sedimentet og noe sterke dominans av enkelte arter. Stasjonen var derfor truleg noe meir påverka, men påverkinga er stadig ikkje så sterkt at dette utarmar faunaen.

*Stasjon KJE4* i Kjekka var tydeleg belasta av utsleppa. Faunaen var artsrik og hadde normalt arts mangfald, men artssamansetjinga, individtettleik og individfordeling (log-normal kurver) viser at stasjonen var vesentleg påverka av organiske tilførsler. Lukt og boss avslører at tilførslene kommer frå fylllassen, men mykje algerestar i sedimentet tyder også på at det vert tilført naturleg organisk materiale frå nærområda. Det er ikkje uvanleg at det på skjelsandbotn er forseinkingar og lokale baktevjer som verka som feller på organisk materiale. Samanlikna med 1989 synes forholda å vere blitt dårlegare.

*Stasjon KJE6* i Lurefjorden hadde normale forhold for ein djup fjordstasjon. Det kan ikkje visast til noen forandringar sidan 1989. Stasjonen blei også prøvetatt i 1980. Det var ikkje noe som tyda på at stasjonen hadde endra seg mellom 1980 og 1989 (Johannessen et al. 1990). Forholda i djupområda av Lurefjorden ser derfor ut til å vere stabile.

## 8. Fjæregranskninga

### 8.1. Kort om typen granskningar

Fjell og stein i fjæresonen har vanlegvis eit stort utval av tang (brunalgar), småvokste algar og fastsitjande fjæredyr. Mange arter er tilpassa denne sonen, men kva for arter som er tilstades vil blant anna avhenge av ulike naturlege faktorar som eksponeringsgrad, substratttype, ferskvasspåverknad, geografi og sesong. I tillegg er ikkje-naturlege faktorar som ulike forureiningspåverknader (næringssalt, organisk materiale, partiklar, miljøgifter etc) viktige for fjæresamfunnet.

Granskningar i fjæra er ofte brukt for å syne tilstanden på grunt vatn. Ved å sjå på artssamansetjinga, forholdet mellom ulike organismegrupper, diversitet etc., vil ein få inntrykk av tilstanden i eit område.

I sterkt forureina område er ofte raudalgar og enkelte tangarter forsvunne, mens små blad- og trådforma grønalgar og enkelte trådforma brunalgar dominerer. Liknande utslag kan komme av ferskvasspåvirking, og såleis vanskleggjære fortolkinga av observasjonane.

### 8.2. Stasjonsval

Det blei gjort registreringar av fjæresamfunnet på 4 stasjonar i Kjевika (Fig. 3.1). Ein stasjon blei plassert inst i kilen ved moloen (stasjon F1), ein midtvegs i Kjevika østsida av viken (stasjon F2) og to stasjonar blei plassert ved utsleppsstaden for sigevassutslepp frå Kjekkdalen (stasjon F3 og F4).

### 8.3. Prøvetaking og tallbehandling

Organismesamfunnet i fjæra blei undersøkt ved å registrere alle fastsitjande algar (større enn 1 mm) og dei vanlegaste fjæredyra i eit ca. 20 m langt belte langs stranda. Metoden inneber registrering ved fridykking. Registreringa er kvalitativ og dels kvantitativ ved at artene sin forekomst blir angitt etter ein subjektiv skala: enkeltfunn(e), spreidd(s), vanleg(v) og dominerande(d). Algar som vanskeleg lot seg identifisere i felt, blei seinare mikroskopert.

Feltarbeidet blei gjennomført 9. juni 1995.

Ved talhandsaminga blei alle mengdeopplysningane erstatta med talverdiar: enkeltfunn = 2, spreidd = 4, vanleg = 8 og dominerande = 16.

#### *Diversitet og dominans*

For å beregne diversitet (artsmangfold) blei ein modifisert Shannon-Wiener indeks ( $H'$ ) brukt. Shannon-Wiener indeks er basert på antal (n), men er her brukt på mengde. Indeksen er gitt ved formelen:

$$H' = \sum_{i=1}^s n_i/N \ln(n_i/N)$$

kor  $n_i$  er mengdeverdien (førekomensten) av art  $i$ ,  $N$  er summen av mengdeverdiane for alle artene og  $s$  er talet på arter. Indeksen tar omsyn både til talet på arter og mengdefordeling mellom artene, og aukar i tallverdi ved aukande mengd arter og like mengdeverdiar mellom artene.

Dominansen ( $I$ ) er definert som dominansen av den vanlegaste arten i prosent av heile prøven. Høge indeksverdiar indikerer eit samfunn dominert av ein art.

## 8.4. Resultat

### Stasjonsomtale

Dei vanlegaste artene er vist i tabell 8.1. For fullstendig artsliste, sjå appendikstabell 8.1. Figur 8.1 viser forholda på dei fire stasjonane i fjæregranskingsa.

#### *Stasjon F1*

Innanfor moloen i indre del av Kjevika blei svært få arter registrert. Bortsett frå enkelte grisetangplanter var det ikkje vegetasjon i fjæra. Plantene var svært reduserte, og enkelte var rotne ved basis. Av fauna var strandsnegl den vanlegaste arten. Elles var området preget av stein og mudderbotn. Vatn og fjell/stein hadde ein rustraud farge. På sjølve steinmoloen blei det registrert fleire arter: blæretang, albusnegl, blåskjel, tarmgrønske, marebek, fjæreblod og strandsnegl. Det blei funne mye lausrivne algar rundt moloen.

#### *Stasjon F2*

På austsida av kilen, ca 50 meter frå moloen var fjellet tilgrodd med noe tang og større mengder trådforma algar (rekeklo, -dokker, stripesveig, grønndusk og brunsl). På litt djupare vatn dominerte sagtang og sukkertare, men også her var det mykje tilgroing av trådforma algar. Sikten var svært därleg p.g.a. eit kraftig ferskvasslag i overflata, og registreringa blei derfor noe mangelfull.

#### *Stasjon F3*

Stasjonen blei lagt til austsida av kilen, ved utsleppsstaden for sigevatn. Øvre del av fjæra var dominert av rur og blåskjel. Enkelte sauetangplanter vokste spreidd, men danna ikkje noe tydeleg belte. Litt lenger ned i fjæra dominerte den litle raudalgen raudlo, og danna eit tett teppe på fjellet. Dei tette bestandane av raudlo er truleg eit sommarfenomen, men arten vil vere tilstades hele året. Raudloeksemplarene var sterkt bleikna. Under beltet med raudlo vokste skorpeforma raudalgar, og i sjiktet over vokste eit breitt utval store og små algar som rekeklo, krasing, svartkluft, stripesveig, martaum, pollpryd og grønndusk. Blæretang og sagtang vokste spreitt. På litt djupare vatn dominerte tare.

#### *Stasjon F4*

Stasjonen blei lagt til vestsida av kilen, rett overfor stasjon F3. Stasjonen hadde samme type vegetasjon og fauna som F3, med øvre del av fjæra dominert av rur og blåskjel og eit breitt belte nedanfor dominert av rødlo. I rurbelte var det spreidde førekomstar av blåskjel, strandsnegl og purpurnegl mens albusnegl var vanleg. Elles blei det registrert blant anna grønndusk, stripesveig, -dokker, sagtang, martaum, rekeklo, krasing, pollpyd.

**Tabell 8.1.** *Dei vanlegaste artene som blei registrert i Lurefjorden 9.6.95. Fullstendig artsliste er vist i Appendiks. Teknforklaringer: e= enkeltfunn, s= spreidd, v= vanleg og d= dominerande.*

	Kjeviken, indre del	Kjeviken	Kjeviken, ytre østside	Kjeviken, ytre vestside	
Stasjonsnummer	F1	F2	F3	F4	
<b>TANG</b>					
<i>Ascophyllum nodosum</i>	s	v	e		Norske artsnavn
<i>Fucus vesiculosus</i>	e-s	s	s		Grisetang
<i>Fucus serratus</i>		d	s	s	Blæretang
<i>Pelvetia canaliculata</i>			s		Sagtang
					Sautang
<b>ANDRE ALGAR</b>					
<i>Bonnemaisonia hamifera: sporepl.</i>		e	d	d	Rødlo
<i>Ceramium rubrum</i>		v-d	v	s	Rekeklo
<i>Polysiphonia spp.</i>		s-v		s	"-dokker"
<i>Ectocarpales</i>		v		s	Brunсли/perlesli
<i>Striaria attenuata</i>		v	v	s	Stripesveig
<i>Cladophora sp.</i>		v	v	s	Grønndusk
<i>Enteromorpha sp.</i>	s				Tarmgrønske
<b>FJÆREDYR</b>					
<i>Balanus sp.</i>			d	d	Rur
<i>Littorina sp.</i>	v		s	s	Strandsnegl
<i>Mytilus edulis</i>	s		v	s	Blåskjel
<i>Nucella lapillus</i>			e	s	Purpursnegl
<i>Patella vulgata</i>	s	v	s-v	v	Albusnegl

### Artstal


Til saman blei 31 algar (15 raudalgar, 11 brunalgar, 5 grønalgar) og 13 dyr registrert. Dette er ei relativt normal mengde arter for ein fjord. Mengda på arter minka innover i Kjeviken (Figur 8.2), og ved stasjon F1 blei det berre registrert 4 algearter. Ein viss reduksjon i talet på arter innover ein fjord eller kil er naturleg, men stasjon F1 hadde ei lågare mengd arter enn forventa for eit upåverka område.

### Prosentvis forhold mellom raud-, brun- og grønalgar

Den relative førekomenst av arter frå gruppene raudalgar:brunalgar:grøndalgar på stasjonane sett samla var 48:35:16, som er innanfor det som blir regna for normalt for upåverka område. Fordelinga for dei enkelte stasjonane er vist i Tabell 8.2. Dei tre ytste stasjonane F2, F3 og F4 hadde ei normal fordeling mellom dei tre algegruppene. Berre ved F1 blei det funne avvik frå norma, men her var mengd på arter så lavt at ein vanskeleg kan vurdera fordeling mellom algegruppene.

### Diversitet og dominans

Diversitet og dominans er to mål på forholdet mellom mengd arter og fordelinga av mengda mellom artene.




**Figur 8.2.** Mengd arter registrert i Kjevik i Lurefjorden, juni 1995.

